



# Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 2.10.2018

NVE

## FRÅSEGN - LITLEVATN I ULSTEIN OG MOSVATN I HAREID

Dykkar ref. 201834524

Dette er ei sak som vi gløymde då vi tok fatt etter sommaren, men vi håper likevel å kunne spele inn våre interesser.

Denne saka dreier seg i grunnen om ei verksemd som i si tid bygde vassmagasin for å kunne produsere kraft, og no er ein komen dit at ein vil avvikle ein del av anlegget. Kva gjer ein då?

Tussa Energi AS har lagt opp til ei rimeleg løysing for dei. Den løysinga er ikkje tilfredsstillande for naturen og kan hende heller ikkje for friluftslivet.

Når ein regulerer eit vatn, set ein i gang prosessar som ikkje er reversible. Gjennom år får ein synlege verknader i form av utvasking i reguleringssona, og sannsynlegvis andre, mindre synlege, verknader. Desse verknadene er utbygger sitt ansvar til evig tid.

Når Tussa Energi AS no søker om å få lågare høgaste regulerte vasstand, må det vere eit svært sentralt tema kva som skal skje med utvaskingssona som gjennom åra har oppstått.

Det er Tussa Energi AS som har tent pengar på å låne denne reguleringssona gjennom mange år. Det er Tussa Energi AS sitt ansvar å levere reguleringssona tilbake igjen i same tilstand som ho var då dei i si tid bygde dammen. Eit slikt restaureringsprosjekt kjem til å koste masse pengar, men det må

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL  
Telefon 918 12 542 – epost [moreogromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreogromsdal@naturvernforbundet.no) – internett  
[www.naturvernforbundet.no/mr](http://www.naturvernforbundet.no/mr)

regulantar vere førebudd på når dei gjer denne typen inngrep. Vi krev difor at det setjast krav om fullverdig restaurering av reguleringssona som vilkår for å redusere høgaste regulerte vasstand.

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal